



Anne Kari Andresen og Laila Øvstebø er instruktører. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det kjem stadig nye døme på at Uskedalen er den sentrale staden i Kvinnherad. Frå og med måndag kveld er Helgheim ein møtestad også for linedansarar så og seia frå heile kommunen. Dei skal møtast her kvar tredje måndagskveld til det dei kallar dansekveld eller repetisjonskveld. Det er bedriftsidrettslaget til kommunen som står for linedansen i Kvinnherad.



Linedansen går i Helgheim måndag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Sjølve treninga blir ikkje det viktigaste under felleskveldane i Uskedalen. Her vil framfor alt det sosiale stå i fokus. sa instruktør Laila Øvstebø frå Husnes til uskedalen.no måndag kveld. Da møtte det rundt rekna 20 og dei kom både frå innante og utante. Til og med to røslege karar frå Halsnøy vart observert i taktfast dans.

No har bedriftsidrettslaget halde på med linedans siden rundt årtusenskiftet og det 'normale' treningsprogrammet inneber at dansarane møtest på Husnes på måndagar og i Omvikdalen på onsdagar, nybegynnarar mellom 19 og 20.30 og vidarekomne mellom 20.30 og 22. Dei kveldane dei er i Uskedalen er dei i aksjon frå 19 til 22.

- Korleis er det med oppslutnaden?

- Den er varierende, med til dømes skisport og lamming som begrensande faktorar.

Men vi reknar med at vi for tida er 15 nybegynnarar og 20 vidarekomne. Du må også presisera at eg ikkje er primus motor - det er Anne Kari Andresen frå Rosendal, seier Laila.

Førebels har ikkje linedansarane frå Kvinnherad vore utanfor kommunen og dansa, men dei har imponert i til dømes kommunerevyen, musikkfestivalen i Rosendal og aktivitetdagen i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen